

Skyldskifte

DAGLIGS SP.
03286 24.5.77
NORGE
SØRSKRIVARSKRØJE

Laur dag den 4. september 1976 heldt me underskrivne, som er oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Fammestad.

gr.nr. 24 br. nr. 7 med skyld mark 0,20 i Lindås herad.

Olav Fammestad har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel til egedomen.¹⁾

Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad så nær som²⁾

Ved tenesta møtte Harald Fammestad, Sigmund Lid og Ivar Nesha

Seljar: Olav Fammestad Kjøpar: Karstein Nævdal

Av grannane³⁾ ... Johan Nøttveit møtte

Til formann vart vald ... Harald Fammestad

Opplysningar om den/ dei part/partar av egedomen som er fråskild:

1. Vidd: Dyrka jord dekar, naturleg eng og kulturbeite dekar, produktiv skog dekar, anna vidde 1 dekar — i alt 1 dekar.

2. Grensene⁴⁾ til den/ dei fråskilde part/partar:

Parsellen ligg på vestsida av grnr. 24 bnr. 19.

Grenselina tek til i nedsett merkestein i grenselina til grnr. 24 bnr. 19 og går i vestleg lei 35 m til nedsett merkestein. Vinklar og går i sraustleg lei 37 m til nedsett merkestein. Vinklar og går i nordaustleg lei 30 m til kross i berg i grenselina til grnr. 24 bnr. 19. Vinklar og går langs nemnde line i nordleg lei 25 m til nedsett merkestein, og går vidare i same lei 4 m til utgangsstaden.

¹⁾ Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eig den fråskilde egedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)

²⁾ Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1917, skal han før tenesta tek til skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle sakar vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding den 19..... (underskrift.) Denne fråsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftedokumenta.

³⁾ Er det nokon av grannane eller partane i skyldskiftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prova at dei er varsle. Like eins om det er grannar ein har funne det uturvande å varsle (§§ 2 og 8 i skyldskiftelova).

⁴⁾ Sjá §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeidomen utan at eigaren er til stades og samtykkjer i det som vert skriva. Har nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjølve markeskilet, samstundes med skyldskiftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skipast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet, utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimel til den egedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).

